

Alver Kommune

v/Atle Vaage

Ref 22/3970-22/44333 Bruk av areal til terrengløype for sykkel.

Viser til brev 09.06.22

Vedlagd er kart over området og innteikna kvar me har tenkt løypa.

Løypa er rundt 800 meter, og med ein breidde på max 2 meter. For å få til ei god løype ser me for oss å masseutskifte med grus, men det kan og bli ein blanding med grus og til dømes flis/bark/jord/berg/tre. Me ser og for oss å lage nokre kuler og små hopp for å gjera den meir attraktiv. Kvar dette blir er ikkje heilt bestemt, me ser det for oss under utarbeiding. Det skal ikkje borast/sprengjast i fjell, kanskje bruk av Trollkraft til å justera terreng/fjell. Me vil og gjerne sette opp eit lite åpent bygg der ein kan stå under tak for prat og reparasjon av sykler.

I nord mot sjuarbana er det ein bakke kor me har tenkt ei utforløype med innlagte utfordringar som kuler og svinger.

Vedlikehald tek klubben vår seg av, påfyll av grus og drenering må gjerast etter behov.

Me ser dette området som eit lån av kommunen då det ikkje ligg inne i nokon idrettsplan, men me ser etter område for eit permanent anlegg til sykkelsport i Knarvik og andre deler av kommunen. Men me håper å få eit tidsperspektiv kor lenge me kan disponera området.

Ved tilbakeføring må me innretta oss etter kva kommunen forlanger av oss, skal det masseutskiftast er det vel ikkje mykje me treng å gjera, bortsett frå å fjerna installasjoner som bygg og der det er nytta trevirke i løypa.

Vil til slutt nemna at me i Nordhordland sykkelklubb er opptatt av rekruttering og at med denne løypa spesielt rettar oss mot born og ungdom, ei satsing som og blir gjort på regionsnivå for å få fleire aktive.

Med helsing

Nordhordland Sykkelklubb

Atle Austrheim